**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad:** Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 02.09.2025
Tid: kl. 19.00-2100
Soknerådsmøta er opne.

| | | |
|---|---|---|
| **Dato**: 02.09.25 | | |
| **Innkalla** : Norunn Rød Markhus, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje | | |
| Ikkje til stades: Bård Magnus | | |
| **NR:** | **SAKER:** | **MERKNADER:** |
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | - Velkomen til Norunn<br>- Markering for Gaza og gislar |
| 1 | Evaluering av gudstenester mm | -open kyrkje-ordninga og korleis dette har fungert er også eit moment her. Føya til av Kjell i referatet: Kyrkjeverje Olav har følgd opp ordninga og også gitt takk og ei lita gåve til Kabuso-tilsette. Ordninga har fungert fint med mange besøkande (punktet fall litt ut i sjølve møtet). Soknerådet er takksame!<br><br>Friluftsgudsteneste blir flytta til våren. |
| 2 | Semesterplan og plan for neste år når det gjeld gudstenester/aktivitetar | -Sokneårådet er innstilt på endra/sjeldnare gudstenester - i og med utdanningsordning.<br><br>Norunn er prest under utdanning, og skal studere 40% og arbeide 60%. I denne samanhengen vart det avgjort at gudstenesta 28.12. vert avlyst. Dette |

| | | |
|---|---|---|
| | | vart også avgjort grunna fleire gudstenester på kort tid.<br><br>-Også ynskjeleg å få info med status på kyrkjelydspedagog-ressurs/situasjon – i den grad dette er avklart.<br><br>Julie Håberg vikarierer for Mampion. Mampion har likevel 4-åringane, medan Julie Håberg fortset som kyrkjelydspedagog også etter nyttår.<br><br>Barnekoret er i gang att. Anne Britt har framleis tråden.<br><br>Offer til koret: 14/9<br><br>Offer til Stefanus: 26/10<br><br>Offer til Diakoni: 7/12 |
| 3 | Kyrkjebygget og uteområdet, vedlikehald og bruk av gåveepengar | - Framdrift namna minnelund Oppfølging - bruk av gåvepengar.<br>- Trea mot parkeringsplassen treng beskjæring. Dette arbeidet er innfløkt, og treng moglegvis ein arborist, noko som er svært kostbart. Det kom innspel om at me kan høyre med kommunegartnaren om han kan ta på seg oppgåva.<br>- Det vart peika på at benkene i kyrkja treng målingsflikking. Fleire av putene treng også oppgradering.<br>- Aina og Gunlaug tek seg ei runde på kjøkkenet i kyrkja for å laga godt system førstkomande fredag. «Barnekroken» fekk ein ikkje tid til å rydde i dag. |

| | | |
|---|---|---|
| | | - «Lys vaken» går ut grunna manglande ressursar. |
| 5 | Kvalitetssikring av oppgåver neste månad | Det vart litt flytting og byting.<br><br>Onsdag 24.sep vert det førtreff for 4-åringar. Aina og Therese kan hjelpe til.<br><br>Gudstenesta 28.09. Her står Ruben oppført, men er det mogleg for nokon å byte? Byter skjer innbyrdes. Fint om ein melder inn byter, slik at Inger Karin får beskjed.<br><br>Lista med kyrkjekaffi er distribuert tidlegare, men kan Kjell sende den på nytt til soknerådsmedlemmene?<br><br>Kyrkjevertane sjekkar kva som trengs å kjøpast inn til kyrkjekaffi. Sender Gunlaug ei melding på messenger om dette. |
| | Eventuelt | Neste sokneråd vert 14.oktober. Deretter 25.november.<br><br>Møtet vart avslutta med “Vår far” |